

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 19.06.2023

SAKSHANDSAMAR: Arve Varden og Øystein Helleseth

SAKA GJELD: **Orientering om revidert nasjonalbudsjett, økonomisk langtidsplan
Helse Vest og tiltak**

ARKIVSAK: 2023/199

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
21.06.2023

STYRESAK:
045/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orienteringa til vitende.

Oppsummering

11. mai la regjeringa fram forslag til revidert nasjonalbudsjett (RNB), som vart vedtatt i stortinget 16. juni 2023. Helse Vest har i styremøte 14. juni vedtatt revidert budsjetttramme for 2023, økonomisk langtidsplan 2024-2028 (ØLP) og førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2024.

Administrerande direktør understrekar at desse tre sakene viser at dei økonomiske rammevilkåra er svært stramme. Oppdatert prognose indikerer eit resultat på minus 30 millionar, som er 50 millionar bak eit resultatkrav på 20 millionar. Det betyr at Helse Førde må halde fram arbeidet med å tilpasse styringsfarten til rammevilkåra. Administrerande direktør har brukt mykje tid på forankring av utfordringsbiletet, og ein ser at tiltaka som er sett i verk har hatt positiv effekt.

Revidert nasjonalbudsjett

Revidert nasjonalbudsjett for 2023 er lagt fram og vedtatt av Stortinget 16. juni. Det er tidlegare gjort kjent av spesialisthelsetenesta har fått tildelt 2,5 milliardar kroner i varig styrking frå 2022, samt 2,2 milliardar i pris- og lønsjustering for år 2023.

Helse Vest har i styremøte 14. juni gjennom sak 058/23 tildelt endringane til alle føretaka i regionen som følgjer:

Endringar i inntektsramma for 2023 vs. styresak 006/23 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2023 - sak 006/23	8 113 358	3 959 722	12 588 165	3 128 099	984 614	3 691 362	32 465 321
Justeringar av inntektsramme frå staten:							
Endring RBF	639	269	1 023	203			2 135
Varig styrking av basisrammen	133 552	75 059	183 923	56 466	15 965	14 035	479 000
Priskompensasjon	38 608	19 199	56 969	17 073	6 774	49 080	187 703
Priskompensasjon ISF	26 418	12 051	42 843	8 110	4 565	953	94 940
Endring pensjon	-54 138	-21 291	-62 040	-21 619		-5 678	-164 766
Endring øremerka tilskot							
Barnepalliative team	1 820	982	2 375	601		-5 700	78
Medevac						20 000	20 000
LIS 1 stillingar (31+100)	28 174	4 901	13 126	4 901		-50 414	688
Prisjustering av øremerka midler	137	365	820	23			1 345
Tverrfaglig helsekartlegging						2 053	2 053
Økt arbeidsgiveravgift	28 559	14 014	51 339	13 920	6 266	8 103	122 200
Endringar i inntektsfordelinga							
Fagnettverk flyttet ut av prosjekt - fordeles til HF	1 308	1 469	5 096	40		-7 100	813
EinVeiVest			5 500			-5 500	0
Internt lab-/røntgenoppgjør	2 441	3 751	-428	-5 763			0
Omlegging ISF 50-40% - oppdatert ISF-sats	-1 219	369	-484	1 333	1 141	239	1 380
Forskning - endring i inntektsramme RNB						2 922	2 922
Fagnettverk avansert heimesjukehus - egen tabell			-305				-305
Sum endringar	206 301	111 137	299 757	75 288	34 711	22 993	750 187
Oppdatert inntektsfordeling 2023	8 319 659	4 070 859	12 887 922	3 203 387	1 019 325	3 714 355	33 215 507

Helse Førde sin del av endringane utgjer 75,3 millionar kroner. I tillegg er pensjonskostnadene redusert med 21,6 millionar. Totalt utgjer dette 96,9 millionar, men dette inkluderer midlar til handtering av auka arbeidsgjevaravgift på 13,9 millionar. Samla vart dette eit lågare beløp enn det som tidlegare var berekna ut frå dei overordna rammene som var signaliserte, og det som har vore lagt til grunn i interne diskusjonar og prognosearbeid fram til no.

Helse Førde har tidlegare vedtatt å auke resultatkravet tilbake til 20 millionar kroner som følgje av dei auka rammene. Dette er planlagt gjennomført, men som følgje av lågare auke i ramme vil prognosen no verte endra frå 32 millionar kroner i negativt avvik til 50 millionar kroner i negativt avvik for år 2023.

Løyvingane som er tildelt Helse Førde, er fordelt til klinikkane med føring om at midlane skal brukast til å dekke kjende budsjettutfordringar. Dette er ikkje «friske midlar» som kan nyttast til nye tiltak eller endringar, men midlar som utelukkande skal gå til å redusere resultatavviket som er opparbeidd, og som ligg i prognosen framover. Ved å gjennomføre tildeling av midlar slik, ynskjer ein å oppnå at budsjetta vert meir reelle og gjennom dette kan nyttast betre som aktive styringsverktøy.

Når det gjeld midlane knytt til auka ramma på 2,5 milliardar nasjonalt (varig styrking av basisramma) har psykisk helsevern og somatikken blitt prioritert. I tillegg er resultatkravet auka frå kroner 0 til 20 millionar og vedlikehaldsbudsjettet er styrka med 6 millionar kroner. Resten av midlane er fordelte mellom klinikkane basert på kostnadsbase. Endringane vil bli innarbeid i budsjettet og rapportering frå og med juni månad.

Vidare i revidert nasjonalbudsjett er det lagt inn at det skal gjennomførast ei indeksjustering utover deflator på lån til spesialisthelsetenesta. For Helse Førde sitt vedkomande utgjer dette 35 millionar kroner i auka lånerammer knytt til Nye Førde sjukehus. Dette inneberer inga endring i rammene for prosjektet, men gjer det mogeleg for Helse Førde å finansiere ytterlegare 35 millionar kroner av prosjektet gjennom langsiktig lån, framfor å bruke av eigenkapital. I praksis vil dette redusere belastninga på kassekreditten, og er ikkje noko som gjev rom for å vurdere nye investeringar på noverande tidspunkt.

Økonomisk langtidsplan for Helse Vest

Helse Vest har i sitt styremøte 14. juni vedtatt ØLP 2024-2028 som samanstiller dei økonomiske langtidsplanane til alle føretaka i konsernet. Resultatkravet til Helse Førde er fastsett i tråd med eigen ØLP. Utfordringa for Helse Vest, og alle føretaka, er at resultatet i 2025 ikkje stettar kravet frå Helse- og omsorgsdepartementet om eit resultat i balanse. Korleis dette skal løysast, vil Helse Vest kome attende til gjennom budsjettprosessen 2024 og rullering av ØLP våren 2024.

Resultat pr. foretak	Økonomisk langtidsplan					
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Helse Stavanger	140 000	2 000	-586 000	-201 000	-177 000	-159 000
Helse Fonna	0	0	10 000	25 000	-35 000	0
Helse Bergen	150 000	75 000	50 000	50 000	50 000	10 000
Helse Førde	20 000	-2 000	-40 000	-35 000	-30 000	-20 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
Helse Vest RHF	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000
Sum føretaksgruppa	670 000	435 000	-206 000	199 000	168 000	191 000

Helse Vest legg til grunn at helseføretaka styrer og prioriterer investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet, og at ein tilpassar investeringsnivået dersom resultatet utviklar seg negativt. Vidare er det føresett at overskridingar eller prisendringar i byggeprosjekta må handterast innanfor dei rammene som føretaket har disponibelt, og at slike endringar då vil kunne medføre endra investeringsomfang eller utsettingar.

Det er i ØLP frå Helse Vest ikkje tatt stilling til Helse Førde sin søknad om internt lån, men føresett at Helse Førde vil trekke på kassekreditten for å ha tilgjengeleg likviditet framover.

Tiltak med økonomisk konsekvens

Helse Førde, og dei andre føretaka i Helse Vest, er bedne av eigar om å ha ei aktiv oppfølging av dei tiltak som føretaka har sett i verk for å betre eigen økonomi. Styra i det enkelte helseføretak skal følgje opp at tiltak, inkludert oppfølging av sjukefråvær, gjev tilstrekkeleg effekt for å nå resultatkravet.

Tiltaka som er sett i verk hjå Helse Førde er mellom anna;

1. Tett oppfølging av overtidsbruk, UTA og innleige, inkludert innstramming av fullmakter.
AD har signalisert forventning om at bruken av overtid og innleige i 2023 skal halverast samanlikna med fjoråret. Dette vil utgjere ei innsparing på om lag 35 millionar kroner.
2. Betre avvikling av ferien på sengepostane.

Vedlegg:

1. RHF styresak 059/23 Økonomisk langtidsplan 2024-2028
2. RHF styresak 058/23 Revidert nasjonalbudsjett 2023
3. RHF styresak 060/23 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2024
4. Brev vedr. Oppfølging av styrevedtak styremøte i Helse Vest RHF 19.04.2023